

# INFORMASJONSBREV – NM helga

Påmeldingsfristen har gått ut, og for oss arrangørklubb begynner stemnet å ta form. Det gjenstår ein del av det praktiske som må organiserast, og vi ber derfor deltakande klubbar om tilbakemelding på følgande.

## 1) BANKETT

Årets bankett blir gjennomført på Kleppenes Gard i Gloppen kommunen. Kleppenes Gard er ca 20 minutt å køyre med bil frå Trivselshallen. Vi oppfordre til samkøyring, for å lette på logistikken ved Kleppenes Gard.

Menyen består av ein 7 retters tapasbuffet med kalde og varme rettar, inkludert vatn/brus.

Det er plass til 100 deltakarar, første mann till mølla. Bindande påmelding sendast innan 6. november til: [gloppentkd@outlook.com](mailto:gloppentkd@outlook.com). Skriv «*klubbnamn + påmelding bankett*» i emnefeltet, og informer oss ved bestilling om allergiar, matintoleransar eller andre behov.

Pris per deltakar: 700 kr pr pers (350 kr tom 13 år). Klubbvis betaling innan 8. november.

## 2) OVERNATTING

Som beskrive i invitasjonen legg vi opp til stemneleir på skular, som er i direkte nærheten av Trivselshallen. Fasilitetar ellers er på gangavstand i Sandane sentrum, inkludert Trivselsskogen, eit flott turområde med utandørs treningsområdet og utsiktsrampe over fossen.

Vi ber om tilbakemelding på e-post frå klubbane som ønsker å bruke stemneleir innan 6. november. Her tar ein med liggeunderlag/sovepose sjølv, og ordnar med mat sjølv. På skulane er det ingen dusjar, men ein kan bruke dusjanlegg i Trivselshallen (både fredag, laurdag og søndag).

Pris per deltakar: 200 kr pr pers. Klubbvis betaling innan 8. november.

## 3) TRANSPORT FLYPLASS ANDA - SANDANE

For dei som reiser med fly, tilbyr vi transport til Sandane. Vi ber derfor om tilbakemelding frå klubbane som reiser med fly og ønsker transport til og frå Sandane om antall personar og tidspunkt for henting og levering.

Om de har andre spørsmål, ber vi om at de tar kontakt, enten på e-post ([gloppentkd@outlook.com](mailto:gloppentkd@outlook.com)) eller ved å kontakte stemneleiar Pieter Koopmans på telefon (95964499).

Vi gleder oss og ser fram til å treffe dykk i Gloppen!

Med venleg helsing,

Pieter Koopmans  
Gloppen Taekwondoklubb